

# Referat

## STYREMØTE NR. 10 i ØIL – 17.02.2014

Møte		Referat	
<b>Dato</b>	17.02.2014 kl. 19:00	<b>Deltakarar</b>	Vidar Torsvik / leiar Trude Torvund / kasserar Rune Vik / skrivar Toril Honningsvåg Vik / styrelem Sonja Fagerheim/ styrelem Åshild Bekkesletten/ 1. vara Terje Melstveit / fotballgruppa Leiv Sandven / trimgruppa
<b>Stad</b>	Holmatun	<b>Forfall</b>	Kjerstin Valland / nestleiar Lillian Kvamsøy / boccia-gruppa
<b>Referent</b>	Rune Vik	<b>Kopi</b>	Olav Kreken/ orientering Mariann Lilledal Valland / styrelem
<b>Neste møte</b>	<b>Torsdag 20.03.2014 kl. 19:00, før ØIL-årsmøte kl. 20:00</b>		

Nr	Sak	Frist	Ansvar oppfølging
<b>10.1</b>	<b>Saker</b>		
.1	<u>Godkjenning av referat frå sist styremøte</u>  Referat nr. 9 vart godkjent.	info	
.2	<u>Viktige møte og datoar</u> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Årsmøte ØIL-fotball <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Onsdag 19.02.2014</b></li> </ul> </li> <li>• Neste styremøte ØIL- hovudstyre <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Torsdag 20.03.2014 kl. 19:00</b></li> </ul> </li> <li>• Årsmøte i Øystese idrettslag <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ <b>Torsdag 20.03.2014 kl. 20:00</b></li> </ul> </li> </ul>	info	
.3	<u>Hardangerbadet – intensjonsavtale</u>  Rune Vik seier seg inhabil i saka då broren Martin Vik er dagleg leiar i Hardangerbadet AS.  HB AS ynskjer ein intensjonsavtale med ØIL.  Det låg føre eit forslag til intensjonsavtale som vart drøfta på møtet. Styret ser det ikkje formålstenleg for ØIL å gå inn som aksjeeigar i driftsselskap for Hardangerbadet, men vil bidra på andre måtar.  Ein del prinsipp rundt ØIL-bidrag vart drøfta.  <b>Vedtak:</b> Leiar i ØIL utarbeider justert utkast til intensjonsavtale, innanfor dei	info	Vidar T.

	<p>råmer som diskutert på styremøtet. Utkast skal sendast til resten av styret med høve til kommentarar / tilbakemelding og endringar.</p> <p>Intensjonsavtale mellom Hardangerbadet AS (HB) og Øystese idrettslag (ØIL), som er signert etter epost-høyring til ØIL-styret (sitat):</p> <p><i>Det er i dag inngått intensjonsavtale mellom Hardangerbadet AS og Øystese Idrettslag i Kvam Herad.</i></p> <p><i>Målet med intensjonsavtalen er å få realisert Hardangerbadet.</i></p> <p><i>Partane er einige om følgjande:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-ØIL vil gå inn med kr 50.000,- i driftsstøtte til Hardangerbadet Drift AS ved oppstart.</li> <li>-ØIL vil, dersom det viser seg naudsynt, bidra med dugnadshjelp til å driva HB.</li> <li>-ØIL vil arbeida for å etablera ein symjeklubb i regionen.</li> </ul> <p><i>Partane er einige om å arbeida aktivt for å realisera bygget. Dei pliktar å samarbeid og gjera det beste for dei andre som driv verksemd i HB.</i></p> <p><i>Partane har som mål å realisera HB, og få bygget klart for innflytting i løpet av 2016.</i></p> <p><i>Denne avtalen skal vera grunnlag for endeleg avtale mellom partane.</i></p> <p><i>Dersom Hardangerbadet ikkje vert realisert fell denne avtalen bort.</i></p>	info	Styret
.4	<p><u>Styresamansetning 2014 – aktuelle kandidatar</u></p> <p>Både leiar, kasserar, skrivar og eit styremedlem er på val, pluss laget må få på plass 2 revisorar frå eigen medlemsmasse.</p> <p>Forslag om personar som revisorar som kan spørjast:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Magnar Dalatun har svara ja</li> <li>• Ole Hermansen ??</li> <li>• Terje Mo ??</li> </ul> <p>Kasserar – svært viktig person i styret. Trude spør nemnt person.</p> <p>Om nokon kjem opp med gode kandidatar, gje tilbakemelding til styreleiar Vidar Torsvik.</p> <p>Valnemda v/Svein Hovland og Janne Bjørkvall må i gang. Leiar tek kontakt med valnemda + formidlar info om evt. aktuelle kandidatar.</p>	NB!	Styret/ Vidar T  Alle i styret  Vidar T.  Trude  Alle  Vidar T.
.5	<p><u>Årsmeldingar frå undergrupper i ØIL</u></p> <p>Årsmeldingar som er motteke frå ØIL-undergrupper:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• ØIL – fotball</li> <li>• Trim-/friidrettsgruppa</li> <li>• Turn</li> </ul>	OK OK OK	
<b>10.2</b>	<b>Fotballgruppa</b>		
.1	<p><u>Årsmøte i Øystese fotball</u></p> <p>Tid: onsdag 19.02.2014 kl. 18:00 Stad: Holmatun</p> <p>Sentrale årsmøtesaker:</p>	info	fotballstyret

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Ny organisasjonsplan for Øystese fotball</li> <li>- Revisjon av sportsplan</li> </ul>		
<b>10.3</b>	<b>Friidrett/trimgruppa</b>		
.1	<u>Turstiprosjekt i Fitjadalen</u>  Naudsynt med grunneigaravklaringar med Øystese aust før det vert aktuelt for ØIL å engasjere seg i prosjektet / utføre merking.	Info	
.2	<u>Postkassetrimmen – nye ”stormsikre” postkassar (10 stk)</u>  Sonja føreslo at ØIL burde kjøpe inn nye postkassar, meir tilpassa vær/vind enn dagens postkasseløysingar. Inga avgjerd i møtet.	info	
<b>10.4</b>	<b>HC-gruppa</b>		
<b>10.5</b>	<b>Symjegruppa</b>		
<b>10.6</b>	<b>Hoppgruppa</b>		
<b>10.7</b>	<b>Orientering</b>		
<b>10.8</b>	<b>Økonomi</b>		
.1	<u>Rekneskap for 2013</u>  ØIL går i 2013 på eit relativt stort underskot, hovudsakleg p.g.a. inndekning av underskot hjå Hardanger talentutvikling AS. HT AS er under avvikling.	info	
<b>10.9</b>	<b>Eventuelt</b>		
	Tidlegare styresaker under oppfølging		
8.3	<u>Problemstilling treningsavgift / medlemsavgift</u>  Må avklarast/løysast på eit seinare møte.		
7.1	<u>Arkivering ØIL-dokument</u>  Sonja ser på serverløysingar som ”Drop-box” m.v.		Sonja
	<b>Tidlegare styresaker frå 2012 under oppfølging</b>		
4.1.9	<u>Rydding i og sannering av ØIL-historikk/arkivmateriale</u>  Protokollar m.v. står på ein pall på Fruktlageret. Sjekk med Kvam herad om innlevering av historisk materiale.		styret

Rune Vik/ skrivar